



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 15.03.2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Kommunedelplan for E39 Julbøen – Molde

Vi viser til høyring på trasee for ny veg E39 i Moldemarka med høyringsfrist 15. mars 2022.

FNF Møre og Romsdal viser til vår uttale av 01.02.2021 der vi med grunnlag i natur- og miljøkonsekvensane, rådde frå å gå vidare med planane for Møreaksen og dei fire vegalternativene fra Julbøen til Molde. Så har FNF i samarbeid med andre organisasjonar, som DNT Romsdal og Naturvernforbundet, engasjert seg for å syte for at den nye vegen får minimale negative konsekvensar for naturen og friluftslivet i og nær Moldemarka. I desse breva la vi blant anna vekt på verdien som naturen og friluftslivet har nær byen. Vi vil vise til dei breva som bakgrunn for denne uttalen.

For Moldemarka vest var det positivt at Kringstadstunellen blei forlenga til Mordalen, men det beste ville uansett vore ein samanhengande tunell fra Julbøen til Molde. FNF Møre og Romsdal meiner fortsatt at det er svært uheldig å legge ein veg i dagen i Mordalen.

I vårt tidlige arbeid med vegsaken har vi lagt stor vekt på den kvaliteten som turområdet ved Kringstadsetra har på grunn av at det i dag er fullstendig skjermet for støy fra vegtrafikk. Det er få områder i Moldemarka som kan karakteriseres som heilt stille, her er eit av dei. I sakspapira les vi noko tvetydigheit i om området ved Kringstadsetra blir fullstendig skjermet for trafikkstøy? Dette må avklarast og eventuelt avbøtande tiltak settast i verk slik at turkvaliteten i den vestlige delen av Moldemarka ikkje blir redusert.

Lysforureining er noko som fleire er opptekne av; korleis er dette knytt til biltrafikken og frå vegen mellom tunellane og inn i den vestlige delen av Moldemarka?



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi har prøvd å les oss opp på korleis ein planlegg turparkering ved den nye vegen. No er det vel tre små parkeringsplassar som turgåarar nyttar. Vi ber om at dei offentlege myndigheiter sikrer areal og opparbeider nok areal til gratis turparkering for framtida. Nok areal til turparkering er heilt essensielt for friluftslivet og avhjelper konflikter med grunneigarar som blir irriterte over bilar parkerte på lunneplasser, skogsvegar og vegkryss.

Til slutt vil vi be om at også overskotsmassene blir planlagt samstundes som vegen. Diverre blir dette som oftast utegløymd med konsekvens tilfeldige midlertidige deponi, attfylling av elvedaler og liknande og tap av natur.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvalteren i Møre og Romsdal